

**PROTOKOLL  
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**


<b>Møte:</b>	<b>4/2014</b>
<b>Tid:</b>	<b>Fredag 23. mai kl. 11:00 - 15:00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Nils Marton Aadland, Per Lerøy, Kari Aakre, Astrid A. Byrknes, Karstein Totland
<b>Rådmenn:</b>	Ingvild Hjelmtveit, Hogne Haugsdal (ikkje sak 34/14), Odd Ivar Øvregård, Svein Helge Hofslundsengen
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Kari Evensen Natland (sak 33-34/14) og Anne Hildegunn Færøy (sak 33/14).
<b>Andre:</b>	Ingen
<b>Forfall:</b>	Hallvard Oppedal, Kristin Handeland, Knut Mo, Reidun Halland, Vidar Bråthen, Øivind Olsnes, Jarle Landås, Jan Olav Osen

<b>Sak 30/14</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 31/14</b>	<b>Godkjenning, møteprotokoll møte 3/2014</b> Møteprotokollen frå møte 3/2014 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 32/14</b>	<b>Status aksjonsliste</b> Kort gjennomgang av status.
<b>Sak 33/14</b>	<b>Skjønsmidlar – prioritering</b> NUI gjekk gjennom dei søknader om skjønsmidlar som ein har motteke frå kommunane, og søknadar / prosjekt som NUI har ansvaret for.  Det er kome inn forslag til ni konkrete prosjekt på til saman kr. 5 370 000. Erfaringar viser at regionen tidlegare år, samla har fått om lag kr. 2 800 000. I tillegg har ein fått inn ein søknad frå Austrheim kommune vedr. etablering av kaifront og torg i Kystlandsbyen. Denne søknaden kjem inn under pkt. 2 i kriteria til fylkesmannen «Prosjektmidlar knytt til by- og tettstadsutvikling», som skal sendast direkte til fylkesmannen innan fredag 15.august d.å. Skjønstilskot i denne samanheng vil bli gitt som ein del av restfordelinga av skjønnsramma i 2014. Denne søknaden vert derfor heldt utanfor ramma.  NUI føreslo fyrst og fremst å prioritera allereie i gangsette prosjekt høgt, noko Regionrådet var enige i. NUI jobbar vidare med søknadsprosessen, og vil be ansvarlege for søknadane om å skriva utfyllande søknadar – og vurdere kostnadane, og skriva og senda inn søknadane gjennom heimesida til fylkesmannen. NUI vil senda ei felles prioriteringsliste med utfyllande kommentarar til fylkesmannen.

Sak 34/14	<p><b>Dokumentasjons- og innsamlingsplan for Nordhordland. Oppnemning til referansegruppe</b></p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Regionrådet oppnemner Knut Moe som representant til referansegruppa i prosjektet «Dokumentasjon- og innsamlingsplan for Nordhordland».</p>
Sak 35/14	<p><b>Kommunestruktur – status etter kommuneproposisjonen 2015 «Kommunereform».</b></p> <p>Kommuneproposisjonen 2015 og kommunereform – meldingsdel i proposisjonen vart drøfta. Strategigruppa som er sett ned vil møtast så fort det let seg gjera, og byrja å jobba med vidare plan for utgreiingsarbeidet.</p> <p>Odd Ivar Øvregård gjorde greie for kommunestyrevedtaket på Osterøy om ikkje å vera med i vidare prosess. Dette har fyrst og fremst med den geografiske plasseringa av kommunen å gjera. Dette rokkar imidlertid ikkje med det tette samarbeid om tenester kommunane har gjennom Regionrådet.</p>
Sak 36/14	<p><b>Status utval</b></p>
	<p><b>Nærings- og samferdsle</b></p> <p>Nordhordlandspakken AS. Nils Marton Aadland orienterte kort om søknaden slik den føreligg, og at Statens vegvesen no har den på høyring til aktuelle kommunar. Han peika på at det vil få store konsekvensar dersom kommunane ikkje sluttar opp om pakken slik den føreligg. Då må søknaden skrivast på nytt, noko som betyr nye rundar i styret, i vegvesenet og i kommunane. Vidare er ein bekymra for evt. vidare finansiering av arbeidet med ein ny søknad / pakke då kompensasjonsfondet som ein har henta midlar frå er tilnærma tomt. Kven skal betala det?</p> <p>Astrid Byrknes Aarhus orienterte om status i Lindås kommune og om eit møte i Oslo med bl.a. Bård Hoksrud sist måndag. Pakken vert ikkje handsama i kommunen før sommaren.</p> <p>Det var så debatt rundt bordet. Dei andre ordførarane i Regionråd var tydelege på at dei er svært bekymra for Nordhordlandspakken, og dei ber om at Lindås kommune støtter opp under pakken slik den no føreligg. Dersom det blir stilt krav om endringar i søknaden, er det stor fare for at heile Nordhordlandspakken vert skrinlagt – og langt på is for dei næraste åra. Ordførarane vil hjelpa til med å møta aktuelle partigrupper i regionen.</p> <p><b>Helse</b></p> <p>Astrid Aarhus Byrknes orienterte kort. Det har ikkje vore møte i Helseutvalet sidan førre Regionråd. Det er sendt rus-søknad til Fylkesmannen frå NUI. Ein ventar på at «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland» skal verta handsama i kommunane og at det skal bli ei avklaring av tomt til helsehuset. Jon Askeland og Rune Heradstveit orienterte kort om at ein fortsatt er i samtalar med vegvesenet om kjøp av tomt.</p> <p><b>Kultur</b></p> <p>Ikkje noko nytt frå kultur.</p>
Sak 37/14	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p><b>Kystvegen Ålesund - Bergen</b></p> <p>NUI og enkelte ordførarar har motteke eit skriv frå Kystvegen Ålesund – Bergen om at ein veldig gjerne vil ha Region Nordhordland med som støttemedlem i Kystvegen. Samarbeidsorganisasjonen Kystvegen Ålesund-Bergen består av alle kystkommunane frå Bergen til Ålesund, inkludert dei to byane. Føremålet går fram av namnet. Dei peikar på at det er viktig at dei har med alle og det ikkje manglar eit område langs denne kyststripa.</p>

	<p><b>Vedtak:</b>   Regionrådet meiner at Kystvegen gjer eit viktig arbeid for å få betre vegar langs kysten, og bestemte at regionen ynskjer fortsatt å vera med som støttemedlem i Kystvegen. Midlane vert henta frå NUI.</p>
	<p><b>Mot</b>  Karstein Totland viste til interesse frå Masfjorden om å vera med i Mot og om det kan vera ei regional satsing rundt dette. Fleire peika på at det er mange andre konsept i t.d. skulen som jobbar med liknande og viktige oppgåver, og at det dermed kan vera både feil og vanskeleg å velja eit konsept. Astrid Byrknes Aarhus tek kontakt til fylkeskommunen, opplæringsavdelinga og høyrer kva fylkeskommunen tenkjer om dette.</p>
	<p><b>Oppfølging seminar Plan og byggesak</b>  Nils Marton Aadland viste til seminaret i fjor, og til at NHIL etterlyser status vedr. oppfylgingspunkta. Rune Heradstveit viste til at det er starta ein prosess om å ein likare praksis og sakshandsaming i kommunane t.d. gjennom arbeidet med innføring av sak/arkiv-prosjektet. Vidare har styret i NHdigi fått i oppdrag å jobba vidare med oppfylgingspunkt i evalueringa etter seminaret.  Rune Heradstveit tek saka med til rådmannsutvalet for vidare oppfølging.</p>
	<p><b>Einar Vatne</b>  Astrid Aarhus Byrknes informerte om at lensmann Einar Vatne blir pensjonist i løpet av juni.</p>
	<p><b>Vedr. anlegg, idrett og fritidsplan</b>  Jon Askeland informerte om at fylkesidrettssjefen har utfordra kommunane om å laga ein interkommunal plan for anlegg- og idrett for type anlegg det kan vera aktuelt å sjå over kommunegrensene for. Dette kan t.d. vera anlegg som skytebane, motocross, flyanlegg m.v. Regionrådet ber om Kulturutvalet vurderer dette nærare.</p>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Neste møte er tysdag 17. juni kl. 09:00 – 15:30.</b>  Studietur - kommunestruktur vert utsett til hausten.</li> </ul>

Knarvik, 27. mai 2014



Jon Askeland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS